



MØTEREFERAT

Møtetype:	Påskemøte	Møteleiar:	Hans Blattmann
Møtestad:	Hovden Grendehus	Referent:	Eirik Birkeland
Dato:	01.04.2026	Referatdato:	01.04.2026
Tid:	09:00-11:00		

Til stades	Kopi til	Namn	Rolle	Firma
X		Hans Blattmann	Ordførar	Bykle kommune
X		Eirik Birkeland	Verksemdsleiar Samfunn	Bykle kommune
X		Benedicte Severinsen	Kommuneoverlege	Bykle kommune
X		Sigurd Wiberg	Seksjonssjef	Statens Vegvesen
X		Merethe Hjemdahl	Varaordførar	Bykle kommune
X		Andre Kjetsaa	Styret Hartevasnuten Velforening	
X		Tom Chr. Bredesen	Styret	Ressursgruppa for hyttevel
X		Anne Sæther Lislevand	Konsulent	Asplan Viak
	X	Signe Sollien Haugå	Kommunalsjef samfunn	Bykle kommune
X	X	Styreledere i hyttevel		
	X	Kommunestyret		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
1.	<p>Innleiing – Hans Blattmann (ordførar)</p> <p>Ordførar innleidde møte.</p> <p>Det vart gitt ei kort orientering rundt villreinproblematikk. Kommunen er oppteken av sjølvråderett i høve til løypar og planar. Det er også noko politisk usemje om vegen vidare, men tru på felles løysingar på sikt.</p> <p>Det blei snakka litt om utviklinga av Hovden- og Byklebygdene og avsette midlar i årets budsjett.</p> <p>Det er inngått ein samarbeidsavtale med ressursgruppa for hyttevel. Ein har regelmessige møter og dei har vore inkluderte i arbeidet med sti- og løypeplan.</p> <p>Landskappleiken informerte kort om arrangement. Det blei også framført to stev.</p> <p>Det er bruk for frivillige. Dei som vil vere med kan finne info om dette på heimesida, www.landskappleiken.no</p> <p>Alle kommersielle senger er utleigde i denne perioden. Det er også stor pågang på Airbnb på utleige av hytter/leilegheiter i denne perioden.</p> <p>Det er sett opp campingplassar på grusbanen og langrennsarena. Bussar er sett opp for transport.</p>		
2.	<p>Helseberedskap i påska – Benedicte Severinsen (kommuneoverlege)</p> <p>Kommuneoverlegen informerte om helseberedskap i Bykle kommune i påska.</p> <p>Viktig at hyttebyklarar veit at det er langt til sjukehus. Alle som skal i kontakt med helsetenesta må ringe 116 117 som går til legevakta i Arendal, ein kan ikkje møte opp på Helsehuset utan vidare. Akutte henvendingar skal gå til 113.</p> <p><u>Spørsmål/kommentar frå sal:</u></p> <p>Fleire hyttevel har diskutert moglegheit for å sette opp hjartestartarar i hyttefelta. Ein rådar også folk til å laste ned 113-appen som gir oversikt over alle hjartestartarane. Kommuneoverlegen minnar også om at hjartestartarane må stå i oppvarma rom eller i skap med oppvarming.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
3.	<p>Hovden Løypekjøring/Badeland – Torvald Gautland (dagleg leiar)</p> <p>Torvald Gautland informerte om opning av Hovden Fjellbad. Det har vært ein vellukka start med 50.000 besøkande sidan opning. Så langt har ein gått med overskot.</p> <p>Ein informerte også om løypekøyringa. Hovden Løypekøyring køyrer løyper på oppdrag frå kommunen. Kommunen sitt bidrag står fast også i år, men ein er avhengig av løypebidraga frå hyttebyklarar også. Ein er noko bekymra for økte drivstoffutgifter og snøforhald framover, spesielt med tanke på at årets vinter er siste vinter før nytt anbod skal lysast ut. Det blir også prøvd ut lagring av snø i år saman med HSG. Tanken er at dette skal leggast ut i løypar utan snøkanonar til neste haust. Det er førebels ikkje lagt planar for kva som skal gjerast av løypetiltak i sommar.</p> <p><u>Spørsmål frå sal:</u> <i>Det er interesse for rydding av løypetrasear i hyttevela. Fint om Hovden Løypekøyring kan lage ein plan for dette.</i> Torvald visar til at det går an å komme innom for ein prat rundt dette.</p>		
4.	<p>Fjellredningsgruppa – Torvald Gautland</p> <p>Det blei informert kort om Fjellredningsgruppa. I gruppa er det 8 lokale personar, der to er utdanna fagleder skred. Gruppa er underlagt Setesdal brannvesen og har eit godt samarbeid med helse/brann/politi. Det blei også minna om at det nokon gonger er naudsynt å køyre i løypene ved hasteoppdrag. Dei fleste visar forståing for dette.</p>		
5.	<p>Info frå Statens Vegvesen – Sigurd Wiberg</p> <p>Sigurd Wiberg informerte om sakar frå Statens Vegvesen Det blei informert noko om utbygginga av Riksveg 9.</p> <p>Info rundt ferdige prosjekt: Gang/sykkelveg Byklebakkane. Trafikksikkerheitstiltak mellom Bykle og Byklestøylane</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>6 km ny RV9 mellom Byklestøylane og Hoslemo</p> <p>Info om pågåande prosjekter: Sykkelrute 3 Hoslemo - Badstogdalen 6,4 km ny RV9 mellom Hoslemo og Geiskelid 3,6 km ny RV9 mellom Geiskelid og Badstogdalen.</p> <p>Kommende trafikkulemper: Maurli bru ved Geiskelid skal rivast. Det skal setjast opp ei ny bru og det skal etablerast skikulvert. Fram til hausten blir det derfor omkjøring.</p> <p>Det blei informert noko om RV9 ved Frøysnes. Det pågår reguleringsarbeid som blir ferdig sommaren 2026. Håper på byggestart 2027/2028.</p> <p><u>Spørsmål fra sal:</u> <i>Kan du si noe om veg mellom Hovden og Haukeli?</i> SVV har holdt på med nokon mindre prosjekter for å få full bredde. Noko usikkert når de siste strekka gjerast noko med.</p>		
6.	<p>Info Langrenns NM – Eirik Birkeland</p> <p>Det blei informert kort om Langrenns NM i 2027, 2028 og 2029 som skal vere på Hovden.</p> <p>Det er behov for frivillige og hytter/leilegheitar til utleige. Dei som kan bidra kan kontakte Roar Hjelmeset på roar@hovdentour.no eller tlf: 951 44 188.</p>		
7.	<p>Organisering av private VA-anlegg – André Kjetsaa</p> <p>Kommunen har i fleire år oppfordra velforeningane til å gjere ein jobb for organisering og systematisering av dei private VA-anlegga i hyttefelta.</p> <p>André Kjetsaa frå Hartevasnuten velforening informerte om jobben dei har gjort.</p> <p>Det er tatt inspirasjon frå Remestøylsflotti hyttegrend, laga oversikt over VA-leidningar i hyttefelt og systematisert dette med fargar og ansvarsforhald.</p> <p>Det har vore god kontakt med kommune og ein har også fått bidrag frå lokal VA-kompetanse i hyttefeltet.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
8.	<p>Bykle kommune (sti- og løypeplan og kommuneplan) – Ordførar Hans Blattmann og Anne Sæther Lislevand</p> <p>Ein informerte om arbeid med sti- og løypeplan. Ressursgruppa er med i arbeidet, saman med fleire andre interessentar.</p> <p>Ein har invitert til innspel i forkant av planen. Mange har vore opptekne av:</p> <p>Betre parkering og redusert bilkøyring.</p> <p>Kombinerte løyper for aktivitetar.</p> <p>Nærturløyper og arrangement (eks. Hovden Tour).</p> <p>Tilgang til høgjellet.</p> <p>Det er samanstilt 127 forslag til trasear/tiltak. Det er gjort eit omfattande arbeid som har gitt politikarane eit godt grunnlag for vidare arbeid. Ein grovsiling av planen har vore til politisk handsaming.</p> <p>Kulvert i midtregionen blei trekt fram for å gje betre løypetilbod i lavlandet. Dette blei ein politisk diskusjon i kommunen.</p> <p>Ein har også blitt utfordra av nokon av hyttevela i området på samanheng mellom kulverten og hyttefelta. Vegvesenet og Bykle kommune ser vidare på denne saka.</p> <p>Det blir no arbeidd med utarbeiding av planforslag og forhåpentlegvis vedtak før jul.</p> <p>Heimeside for sti- og løypeplan: Revidering av sti- og løypeplan - Bykle kommune</p> <p><u>Spørsmål frå salen:</u> <i>Står i vedtak at løype 7 er stengt permanent i 2 år. Er dette permanent eller i 2 år.</i> Ordførar svarer at dette gjeld i to år før ny vurdering blir gjort.</p> <p>Det blei også informert om arbeid med kommuneplanens arealdel. Denne er eit viktig styringsdokument for kommunen. Samfunnsdelen blei vedteken i 2024 og denne gjer vidare nokon føringar for arealdelen. Det er mellom anna gitt nokon arealstrategiar som ein ønskjer å følgje. Det vil også vere viktig å vurdere fleire ting i planen, mellom anna næringstema, reiseliv, utvikling, vern (villrein) osv.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p>Sør for Bykle sentrum er det planlagt to næringsareal for kraftkrevjande industri. Her har ein god kontakt med grunneigarar.</p> <p>Varme og kalde senger er også eit stort tema, mellom anna å få eit tilstrekkeleg tal på kommersielle senger. Kommunen har bestilt ei eiga villreinfagleg utgreiing, for å få betre faktagrunnlag for diskusjon med Statsforvaltar. Ein ser også på å etablere ei «fjellgrense» som blir ei øvre grense for der bebyggelse kan gå.</p> <p>Planvask blir også eit viktig tiltak. Ein går her gjennom alle områder som ligger som byggeområder, men ikkje regulerte fullt ut. Ein vil køyre konsekvensutgreiing på kommuneplannivå og kome med forslag til kva ein skal gjere med disse områda (takast ut eller ikkje).</p> <p>Heimeside til arealdelen: Revidering av kommuneplanen sin arealdel - Bykle kommune</p>		
9.	<p>Ressursgruppa – Tom Christian Bredeesen (styret)</p> <p>Det blei gitt generell informasjon om ressursgruppa. Gruppa er no registrert i Einingsregisteret.</p> <p>Ein oppsummerte ressursgruppas arbeid det siste året. Sti og løypeplan samt tiltaksplan villrein har tatt mesteparten av tida.</p> <p>Gruppa har uttrykt stor skepsis til at Statsforvaltaren ikkje har følgt normale planprosedyrar (konsekvensutgreiing).</p> <p>Det har blitt gjort ein ringverknadsanalyse av kva hyttebygging har å si for utvikling og drift av kommunen.</p> <p>Ressursgruppa jobbar med saker av felles interesse, ikkje enkeltsaker for hyttevel.</p> <p>Det nemnast «Granebu» som døme, og kva denne planen har å seie for atkomst til Sloarosløypa.</p> <p>Ein har også vore involvert i arbeid med kulvert i midtregionen. Her blei det gjort ein politisk avtale med Bygdelista for å få aksept for finansiering. Avtalen fekk konsekvensar som ressursgruppa reagerte på. Auversvatn skulle stengast fram til veke 7 i to år. I tillegg blir ein av tilførselsvegane opp til Auversvatn også stengt.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p><u>Spørsmål/Kommentar frå salen:</u> <i>Maurli har blitt kjørt svært lite i vinter.</i></p> <p>Torvald svarar at denne løypa er vanskeleg å køyre utan 1,5-2 meter snø. Det er også vanskeleg å få lov til å gjere tiltak i denne løypa slik at ein kan greie seg med mindre snø.</p> <p>Frode Stokkeland i Ressursgruppa informerte om ressursgruppas arbeid med tiltaksplanen for villrein. Det er viktig at det ikkje er hyttefolk mot bygdefolk, og det er viktig å finne gode løysingar slik at ein kan sameksistere.</p> <p>Ressursgruppa har foreslått ein modell kalt «Hovdenmodellen» for å løyse utfordring med løypar i høgfjell i samband med villrein. Her bruker ein dronar for å kartleggje området (kanskje dagleg) slik at ein har kontroll på kor villreinen er. Det definerast fire høgfjellsløyper ein ønskjer å prioritere. Dette er Enden, Sloaros-løypa, Auversvatn og Galteflotti. Hovdenmodellen: Bruke dronar og kartleggje området (kanskje dagleg). Enden, Sloaros-løype, Auversvatn, Galteflotti er fire løyper ein ønskjer å prioritere.</p> <p>Ressursgruppa skryter også av prosessen som har vore med sti- og løypeplan. Ein har deltatt i prosjektgruppa og oppfatar kommunen som veldig godt forberedt. Hyttevela har levert mange gode innspel som ressursgruppa har måtte prioritere.</p> <p>Ein har valt følgjande prioritering: Prioritet 1: høgfjellsløyper. Sikre minst ei løype. Prioritet 2: Samanhengande løyper med bruer og kulverter. Prioritet 3: Utviding av løypenett. Hovden tour-løypa, Vidmyr-området og området Nylund-Berdalen. I tillegg er det gitt seks tematiske forbedringspunkter: Høringsuttalelse er sendt til kommunen 01.12.2025 og oversendt til velforeningane.</p>		

Sak.nr	Saksframstilling	Frist	Ansvarleg
	<p><u>Spørsmål fra salen:</u> <i>Styremedlem frå Hartevasstrondi hyttevev lurar på kva som skjer med gangveien langs Hartevatnet. Denne skulle vært på plass i 2006.</i> Ordførar svarer at denne skal opp i planutval 13.april, og forhåpentlegvis vidare opp i kommunestyret. Vegvesenet har gitt 5 mill. til gangvegen, men ein må ha vidare finansiering.</p>		